




OMSTILLINGS
PROGRAMMET

Handlingsplan 2023


Handsama av styret i omstillingsprogrammet Sykkylven: xx.xx.2023

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven: 13.februar 2023



Innhold

1. INNLEIING	3
1.1 OMSTILLINGSPLANEN 2021-2026	3
1.2 ÅRLEGE HANDLINGSPLANAR	3
2. MÅL	4
2.1 HOVUDMÅL FOR OMSTILLINGSPROGRAMMET	4
2.2 EFFEKTMÅL OG LANGSIKTIGE RESULTAT	5
2.3 DELMÅL FOR 2023	6
3. INNSATSOMRÅDER	7
3.1 SKAPARGLEDE I NÆRINGSLIVET	8
3.2 OPPLEVINGSNÆRINGAR	9
3.3 SAMARBEID OG NETTVERK	10
3.4 ATTRAKTIVE SYKKYLVEN	11
4. BUDSJETT OG FINANSIERING	12
4.1 FINANSIERING 2023	12
4.2 BUDSJETT 2023	12
5. KOMMUNIKASJONSPLAN	13



1. INNLEIING

Omstillingsarbeidet skal bidra til å sikre eksisterande, og skape nye arbeidsplassar i eksisterande og nytt næringsliv i Sykkylven kommune, ein ekstraordinær innsats for næringsutvikling, avgrensa til seks år. Det er sett eit måltal på til saman 170 arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-2026.

Arbeidet skal fokusere på skaparglede i næringslivet, opplevingsnæringar, samarbeid og nettverk og attraktive Sykkylven. Forstudie og forprosjekt skal prioriterast, gjennomføring av hovudprosjekt skal i større grad realiserast ved bruk av det ordinære offentlege verkemiddelapparatet. Hovudoppgåva for omstillingsleiinga er å realisere tiltak og prosjekt i handlingsplanen.

1.1 Omstillingsplanen 2021-2026

Omstillingsplanen beskriv innsatsområde, mål og ressursbruk for omstillingsarbeidet i Sykkylven i omstillingsperioden 2021-2026.


Omstillingsplanen for Sykkylven skildrar fire innsatsområde:

1. Skaparglede i næringslivet
2. Opplevingsnæringar
3. Samarbeid og nettverk
4. Attraktive Sykkylven

For kvart innsatsområde i omstillingsplanen er det utarbeid ulike strategiar. Desse er nærmare skildra i planen. Arbeidsplassmålet er periodisert og målsett.

1.2 Årlege handlingsplanar

Handlingsplanen er ei årleg konkretisering av omstillingsplanens innsatsområde med strategiar og tiltak. Handlingsplanen utarbeidast og behandlast av omstillingsstyret, før endeleg vedtak i kommunestyret. Tiltak og prosjekt som er vedteke gjennomført i handlingsplanen skal godkjennast av styret for omstillingsprogrammet før dei blir igangsette.



2. Mål

2.1 Hovudmål for omstillingsprogrammet

Hovudmålet for omstillingsprogrammet er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Det blir viktig å utvikle ein breidde i næringslivet for å redusere sårbarheita, og samtidig vidareutvikle dei lokale bedriftene gjennom kompetanseutvikling og auka samarbeid for å styrke konkurransekrafta.


Omstillingsarbeidet skal òg bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune. *Berekraft* gjennomsyrrar heile omstillingsplanen og er styrande i tiltak som blir iverksett og i vurdering av prosjekt som søker midlar i frå omstillingsprogrammet.

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen nedanfor viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen.

Arbeidsplassane blir dokumentert via brutto innrapportering av prosjektleiarrapportar frå enkeltprosjekt, i tillegg til dialog med aktørar. Ved årsslutt snakkar programleiar med alle aktørar som har motteke støtte i frå omstillingsprogrammet, uavhengig av om dei har eit avslutta prosjekt, og tel arbeidsplassar i samråd med dei. Omstillingsprogrammet tel brutto arbeidsplassar i si rapportering.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Skaparglede i næringslivet	10	15	25	25	25	30	130
Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30
Samarbeid og nettverk	0	2	2	2	2	2	10
Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	0
Sum mål arbeidsplassar	15	22	32	32	32	37	170
Resultat	11	22,8					
Avvik	-4	+0,8					


Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 12 arbeidsplassar og skape 10,8 nye arbeidsplassar i 2022, omtrent akkurat på målet som var totalt 22 nye og sikra arbeidsplassar for 2022. 19,8 av desse arbeidsplassane var innanfor innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet, og 2 av desse arbeidsplassane var innanfor innsatsområde 2. Opplevingsnæringane, 1 arbeidsplass innan innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk



2.2 Effektmål og langsiktige resultat

Etter gjennomført omstillingsprogram skal:

- Sykkylven ha ein allsidig, variert og robust næringsstruktur, med fleire bedrifter innan vekstbransjar.
- Sykkylven ha utvikla ein sterkare samarbeids- og delingskultur, og etablert sterke lokale nettverk/samarbeidsarenaer i næringslivet. Desse arenaene fremjar skaparglede, erfaringsdeling, kompetansebygging og knoppskyting.
- Fleire bedrifter ha auka marknadskunnskap, orientert seg i nye marknader, utvikla nye produkt og redusert risikoen knytt til utvikling i ein einsidig marknad.
- Bedriftene ha økt utviklingsevna og ha fleire aktive utviklingsprosjekt.
- Bedriftene ha eit utstrekt samarbeid med relevante forskning og utviklingsmiljø.
- Bedriftene i Sykkylven har eit aktivt forhold til berekraftsmåla og er i front på utvikling av berekraftige produkt og prosessar.
- Sykkylven ha styrka sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune som gir god tilgang på ny kompetanse og stabilitet i eksisterande arbeidsstyrke.
- Sykkylven skal være ei næringsvennleg kommune, som driv aktiv tilrettelegging for bedriftene i samspel med offentlege og private aktørar i regionen.



2.3 Delmål for 2023


Delmåla i 2023 er som følger:

Innsatsområde 1-3:

- 1 bedriftsutviklingsprogram «SMB-utvikling», SMB = små- og mellomstore bedrifter (programmet gjennomført i 2021/2022, ny runde i 2022/2023)
- 8 bedriftsutviklingsprosjekt i eksisterende næringsliv
- 5 kompetansetiltak i næringslivet
- 3 rekrutteringstiltak som støtter næringslivet med rekruttering av arbeidskraft
- Støtte minimum 5 tiltak fra handlingsplan for opplevingsnæringene
- 5 bedriftsutviklingsprosjekt i opplevingsnæringar
- 1 kompetansetiltak i opplevingsnæringar
- 1 strategiplan for industri-/næringsnettverk
- Vidareutvikling av 2 etablert nettverk/samarbeidsforum
- 2 samarbeids-/nettverksprosjekt i industri/næring
- 2 felles-/samarbeidsprosjekt i opplevingsnæringane
- 8 frukostmøte i SkaparLINKEN

Innsatsområde 4, ingen arbeidsplassmål:

- Iverksette minimum 2 tiltak basert på forprosjekt Næringsvennlig kommune (NVK)
- Bidra til gjennomføring av årleg tilfredsheitsundersøking blant bedriftene på kommunens næringsarbeid
- Samordning av kommunikasjonsarbeidet med kommunen og SNU
- Medfinansiering av felles ressurs for kommunikasjonsarbeid, prosjektstilling i 2023
- Etablere prosjekt for å involvere handelsforeining, eldsjeler og eigedomsaktørar i arbeidet med areal-/reguleringsplan for sentrumsområda
- Utarbeide kommunikasjonsplan for synleggjering av nærings- og buareal i samarbeid med kommuneadministrasjon




3. INNSATSOMRÅDER

Omstillingsplanen for Sykkylven skildrar fire innsatsområde, for kvart innsatsområde er det utvikla strategiar. Desse strategiane er beskrive i omstillingsplanen og vidare konkretisert med moglege prosjekter og tiltak, prosjektmål og ressursinnsats i årleg handlingsplan. Prioriteringane av prosjekt og tiltak i årleg handlingsplan skal ivareta målet om å styrke utviklingsevna i næringslivet og kommunen, i tillegg til de andre måla som er definert i omstillingsplanen.

Tema for 2023: *Berekraft og gevinstrealisering.* I 2023 ønskjer vi ekstra fokus på berekraft i heile næringslivet og gevinstrealisering for bedriftene som jobbar med utviklingsprosjekt. Berekraft er eit område som vi ønskjer å heve kompetanse på i omstillingsstyret, for at vi igjen skal betre kunne legge til rette for ei berekraftig utviklings i næringslivet, og at bedriftene skal jobbe enda meir retta mot sirkulære løysingar. Fokuset på gevinstrealisering handlar om å jobbe med bedriftene som har utviklingsprosjekt og sikre at dei som har ønske, vilje og moglegheit til å gå frå forprosjekt til hovudprosjekt kan gjere det.





3.1 Skaparglede i næringslivet


Måtalet for arbeidsplassar er 25 for 2023 i tråd med omstillingsplanen.

HP 2023 Innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet					
Arbeidsplassmål: 25					
Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin.*	Admin. SK**
A. Teknologi og marknad	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt.	1. Gjennomføre forstudie SMB utvikling nr.2 2. Starte forprosjekt SMB utvikling nr.2	360.000	100.000	
B. Bedriftsretta tiltak	Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) frå bedriftene. Fokus på oppfølging av bedrifter for å sikre overgang frå forprosjekt til hovudprosjekt	1. Iverksett minimum 8 prosjekter	1.350.000	100.000	
C. Kompetanse og rekruttering	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevende tiltak (nytte samarbeidspartnarar aktivt) Nytte samarbeidspartnarane Innovasjon Norge, Nordveggen, Framtidslaben, åkp og iKuben aktivt i kompetanseheving Pådrivar for, samt bidra til, å kople bedrifter og FoU-miljø Støtte og iverksette rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene tilgang på kompetanse	1. Iverksett minimum 5 kompetansetiltak, herunder; – gjennomføre leiarutviklingsprogram – 1-2 PLP-kurs – gjennomføre eit «koplingstreff» for bedrifter og FoU-miljø 2. Iverksett minimum 3 rekrutteringstiltak, herunder; – Vidareutvikle/-føre rekrutteringskampanje – «Bli med hjem» i Oslo vår 23 – «Bli med hjem» i Trondheim haust 23 - Vurdere traineeordning i samråd med næringslivet	150.000 200.000	100.000	
Sum			2.060.000	300.000	250.000

* Administrativ innsats inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning.

** Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet.

*** Prosjekteigarane sin eigenfinansiering, samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg.



3.2 Opplevingsnæringar


Måtalet for arbeidsplassar er 5 for 2023 i tråd med omstillingsplanen.

HP 2023 Innsatsområde 2. Opplevingsnæringane					
Arbeidsplassmål: 5					
Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin.*	Admin. SK**
D. Masterplan reiselivet	Støtte tiltak anbefalt i masterplan Sykkylven for opplevingsnæringane, og vidare konkretisert i handlingsplan for 2023	1. Ferdigstille handlingsplan opplevingsnæringane for 2023 2. Iverksett minimum 5 tiltak frå handlingsplan	270.000	50.000	
E. Produkt og marknad	Støtte utviklingsprosjekt frå bedriftene som utviklar nye produkt og nye marknader for aktørane i opplevingsnæringane i Sykkylven	1. Iverksett minimum 5 prosjekt	700.000	50.000	
F. Kompetanse	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevande tiltak Styrke samarbeid mot Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) Bruke samarbeidspartnar DÅS, Innovasjon Norge og Nordveggen aktivt i kompetanseheving	1. Iverksett minimum 1 kompetansetiltak	50.000	50.000	
Sum			1020.000	150.000	100.000

* Administrativ innsats inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgjing.

** Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet.

*** Prosjekteigarane sin eigenfinansiering, samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg.




3.3 Samarbeid og nettverk

Måltallet for arbeidsplassar er 2 for 2023 i tråd med omstillingsplanen.

HP 2023 Innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk				
Arbeidsplassmål: 2				
Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin*
G. Industri- og næring	Bidra til å avdekke behov for og forsterke nettverk blant industri- og næringslivsbedrifter Bidra til å vidareutvikle samhandlingsarenaer for og i samarbeid med bedriftene.	1. Vidareutvikling av strategiplan for industri-/næringsnettverk 2. Vidareutvikle samarbeidsforum for skule og næring «Skulenær» 3. Vidareutvikle Gründerforum 4. Minimum 2 samarbeid/ nettverksprosjekt	200.000	
H. Opplevingsnæringar	Bidra til vidareutvikling av nettverk for aktørane i opplevingsnæringane Bidra til utvikling av samarbeidsarena/nettverk for aktørar i landbruk og lokalmat Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringspunktet mellom aktørane i reiseliv, opplevingar, lokalmat, design og kultur Støtte aktuelle prosjekt i samråd med masterplan reiseliv	1. Iverksett minimum 2 felles-/samarbeidsprosjekt	100.000	
I. Møteplassar («co-work»)	Bidra til møteplass på tvers av nettverk gjennom frukostmøte med dagsaktuelle tema Berekraft som rød tråd i frukostmøter Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar for bedrifter, gründerar og ungdom (eks. mentorordning)	1. 8 frukostmøte	50.000	
Sum			350.000	250.000

* Administrativ innsats inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning.

** Prosjekteigarane sin eigenfinansiering, samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg



3.4 Attraktive Sykkylven


Det er ingen arbeidsplassmål for innsatsområdet Attraktive Sykkylven. Innsatsområdet er hovudsakeleg eit kommunalt ansvar. Området skal støtte opp under bustad og næringsattraktiviteten i Sykkylven.

HP 2023 Innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven					
Arbeidsplassmål: 0					
Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin.*	Admin. SK**
J. Næringsvennleg kommune	Bidra til å følgje opp kommunen i hovudprosjekt Næringsvennlig kommune Bidra inn i samarbeidet mellom SNU og Nordveggen	1. Iverksette minimum 2 tiltak basert på forprosjekt NVK 2. Bidra til gjennomføring av årleg tilfredsheitsundersøking blant bedriftene på kommunens næringsarbeid	50.000	50.000	
K. Møteplassar og kommunikasjon	Styrking og samordning av kommunikasjonsarbeidet retta mot næringsliv med kommunen og SNU Vidareføre etablerte møteplassar mellom kommune og næringsliv og vere ein pådrivar for nye	1. Samordning av kommunikasjonsarbeidet med kommunen og SNU 2. Medfinansiering av felles ressurs for kommunikasjonsarbeid, prosjektstilling i 2023	400.000	100.000	
L. Sentrums utvikling	Involvere handelsforeining, eigedomsaktørar, frivillige organisasjonar og eldsjeler i arbeidet med å utvikle sentrumsområda. Utforske moglegheita for å rigge seg til eit Gnist-program i 2024	1. Etablere prosjekt for å involvere handelsforeining, eldsjeler og eigedomsaktørar i arbeidet med areal-/reguleringsplan for sentrumsområda 2. Avklaring om Gnist-program er aktuelt for 2024	0	40.000	
M. Areal	Bidra til å synleggjere tilgjengelege tomteareal for næring og bustad, og ledige næringslokale og utleigebustad.	1. Utarbeide kommunikasjonsplan for synleggjering av areal i samarbeid med kommuneadministrasjon	0	10.000	
Sum			450.000	200.000	300.000

* Administrativ innsats inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgjing.

** Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet.

*** Prosjekteigarane sin eigenfinansiering, samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg.



4. BUDSJETT OG FINANSIERING

4.1 Finansiering 2023

Finansieringsplanen for 2023 er fundamentert i Omstillingsplanen 2021-2026, med dei forutsetningane som ligg til grunn for finansiering i frå fylkeskommunen og Sykkylven kommune/Sykkylven Industri og Næringslag.

Finansiering	2023
Møre og Romsdal fylkeskommune*	4 000 000
Sykkylven kommune/Sykkylven Industri og Næringslag	1 400 000
Overføring frå 2022/mindreforbruk	279.463
Total	5.679.463

*Forutsett søknad om midlar innvilga i Kultur-, næring- og folkehelseutvalet, M&R fylkeskommune den 14.3.2023

4.2 Budsjett 2023


Innsatsområde	Program-aktivitet	Søkbare midlar*	Admin.**	Admin.SK***	Totalramme
Skaparglede i Næringslivet	710.000	1.350.000	300.000	250.000	2.610.000
Opplevingsnæringar	320.000	700.000	150.000	100.000	1.270.000
Samarbeid og nettverk	350.000	0	250.000	0	600.000
Attraktive Sykkylven	450.000	0	200.000	300.000	950.000
Overheadkostnader	0	0	250.000	0	250.000
Totalt	1.830.000	2.050.000	1.150.000	650.000	5.680.000

*Søkbare midlar er midlar øyremerka søknadar i frå bedrifter til utviklingsprosjekt. Det vil vere tilgjengelege midlar å søkje på i frå andre strategiområde også, men der er gjerne midla retta mot både aktivitetar som omstillingsprogrammet initiera og prosjekt i frå bedrifter.

** Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet frå styreleiar, kommunedirektør og andre administrativt tilsette i kommunen som blir engasjert i slikt arbeid.


Prosjekteigaranes eigenfinansiering samt eventuell annan finansiering i prosjekta kjem i tillegg. Det er eit uttalt mål at omstillingsmidlane skal bidra til å utløyse andre midlar. Det blir lagt til grunn at PLP skal brukast i alle prosjekt. PLP er ein prosjektstyringsmetode og eit omgrepsapparat, utvikla av Innovasjon Norge. PLP opererer med faseinndelt prosjektgjennomføring, fast organisering og faste roller, tydeleg avgjerdsprosess og gode rutinar for oppfølging og kvalitetssikring. PLP legg vekt på personleg ansvar, forpliktande samarbeid og resultat. Sjå meir på <https://www.innovasjonnorge.no/no/regional-omstillinginnanfor>




5. Kommunikasjonsplan

For kvart omstillingsår utarbeidast det ein kommunikasjonsplan i tråd med den definerte kommunikasjonsstrategien. Denne inneheld konkrete kommunikasjonsiltak og aktivitetar for omstillingsarbeidet det gjeldande året. Målet er å sikre eit heilskapleg og aktivt kommunikasjonsarbeid for å spreie viktig informasjon om omstillingsprogrammet og lokale initiativ, samt bidra til engasjement hjå sentrale målgrupper.

Kommunikasjonsplan for 2023 er vedlagt i eige dokument, sjå vedlegg.





OMSTILLINGS
PROGRAMMET

Kontakt

Lise Haukeberg, programleiar omstilling

Tlf.: 98 88 22 92

E-post: lise.haukeberg@sykkylven.kommune.no

Web: <https://www.skaparglede.no/omstillingsprogrammet/>